



# Nynorsk mediesenter

Status per 14.03.2008



## 88,5 % av nynorskpraktikantane arbeider i media

Per skotårsdagen 2008 har vi i Nynorsk mediesenter sendt frå oss trettifem nynorskpraktikantar. 88,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. – Det er ein prosent vi er stolte av, seier Magni Øvrebotten. Det åttande kullet er under opplæring og det niande er lyst ut med søknadsfrist 15. april.



Åttande kullet med faglærarar. Framme frå venstre : Eivor Brandseth, Elin Thingvoll Berge og Randi Indrebø. Bak : Marit Holmquist Fenne, Geirmund Henjum, Olav Arne Nedreid og Roger Sevrin Bruland.

Første måndagen i mars var det åttande kullet med nynorskpraktikantar klare for røyndommen i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, etter to månaders teoretisk og praktisk innføring i nynorsk og journalistikk for etermedia. Dei hadde prøvd seg i redaksjonen ein uversdag i januar, elles var det nytt og ope lende for dei.

### **Roger Sevrin Bruland :**

*- Det har vore utruleg moro å bli kasta ut i Vestlandsrevyen som eit av to reportasjeteam, der eg er nøydd til å prestere kvar dag. Det finst knapt ein betre skule for å bli kjend med journalistyrket. Eg føler sjølv at eg har lært mykje på kort tid om korleis ein produserer nyhende kjapt. Tid er eit viktig nøkkelord, for det er ikkje nyttig i ein profesjonell samanheng å lage ei god sak om ein treng fleire veker på det. Då snakkar eg sjølv sagt om 1:30 sakene. Eg trivst godt og er særst nøgd med oppfølginga frå staben i NRK Sogn og Fjordane!*

### **Elin Thingvoll Berge :**

*- På få månadar har eg fått lært meg utruleg mykje! Eg har blitt kasta ut i nye, spanande oppgåver kvar dag og må ta utfordringar på strak arm. Å læra ved å få jobba praktisk er utfordrande og ikkje minst sjølvutviklande. Opplegget her på mediesenteret passar meg difor ypparleg. Eg vil også tilrå alle andre som ber på ein journalistdraum om å søkja seg hit til Nynorsk mediesenter. Her får du tett oppfølging av erfarne lærarar og eit halvår du ikkje vil vera for utan!*

### **Olav Arne Nedreid :**

*- Opplæringa er skreddarsydd føremålet; å verte gode nynorskbrukande journalistar. Gjennom praktiske øvingar får ein ferdigheitene ein treng til å kunne gå inn i yrket. Lærarane og gjesteførelsarane held eit svært høgt nivå. Dei er erfarne, dyktige og kommuniserer godt med praktikantane. Dette gjer opplæringa effektiv, fartsfylt og spennande.*

### **Eivor Brandseth :**

- Tykkjer opplegget så langt har vore variabelt og effektivt. Vi får prøve oss mykje sjølvstendig, og om vi har eigne idear er det eit stort spelarom for dei. Overgangen frå loftet til redaksjonen er nokså stor, men med god hjelp frå alle kantar går det veldig greitt. Eg hadde ikkje sett for meg at eg skulle lære så mykje som eg har gjort til no, innan ulike medium, og er godt nøgd med det.

### **Marit Holmquist Fenne :**

- Eg er overvelda over kor mykje eg har lært på kort tid. Eg synes opplegget fungerer godt, vi blir kasta ut i nye utfordringar omtrent dagleg. Førelesarane er gode, ikkje berre lærer dei frå seg på ein god måte, dei er førebilete og, og det er viktig å ha.



### **Internett stimulerer**

I november kom NRK Sogn og Fjordane ut med eit nytt tilbod på Internett som var veldig stimulerande for praktikantane.

– Nyhendespelaren, med høve til å få publisert levande bilethistorier laga under TV-opplæringa, fungerer akkurat som me hadde håpa på: Praktikantane legg seg ekstra i selen både under opptak og redigering når "premien" er å bli publisert, seier faglærarane Randi Indrebø og Geirmund Henjum. – Målet med opplæringa er heile tida å halda den raude tråden mot yrkeslivet.

Klarar me det tidleg, er praktikantane på rett veg, legg Henjum til. Han held fram som faglærer, medan Randi Indrebø skal ut i foreldrepermisjon frå midten av april i år til hausten 2009. Vi lyt skaffe oss ein vikar for henne frå hausten av.

### **Sjuande kullet er framfødde**

Sjuande kullet gjekk rett frå praksis til arbeid 29. februar. To av dei hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt, ei i Her & Nå, ein i NRK.nyheter.no og ei i NRK Møre og Romsdal. – Det er rift om journalistar som kan føte seg både på radio, fjernsyn og Internett, slik som nynorskpraktikantane kan. Difor måtte fleire av dei ta vanskelege val om dei ville satse der det var fastast arbeid å få, eller om dei ville vere tilkallingsvikarar, seier Magni Øvrebotten.



Sjuande kullet, frå venstre Ingunn Viken, Ivar Folkedal, Eline Buvarp Aardal, Håvard Tvedte og Eva Marie Felde.

Denne gongen kunne vi endeleg tilby Her&Nå ein nynorskpraktikant i ekstern praksis, noko dei hadde etterlyst lenge. Vi prøvde også ein nettredaksjon for fyrste gong, og det med stort hell.

Vaktsjef **Bjørn Atle Gildestad** i Nettredaksjonen i NRK Nyheter oppsummerer slik :

- Vi har berre hatt ein praktikant frå Nynorsk mediesenter, men han har til gjengjeld prøvd seg på ei rekkje områder. Hovudbasen var på nyheitsdesken, men han gjorde nytte for seg i mange ulike redaksjonar. I tillegg til å vera "sjølvgåande" journalist med lyst og evner til å setja eigne saker på dagsorden, skal alle reporterar i prinsippet kunna levera til både radio, fjernsyn og nett. Alt fyrste veka leverte praktikanten ei god eigenprodusert sak til nett før han gjekk i studio og gjorde radioversjon til Dagsnytt. Røynslene våre er gode, han har alt skrive kontrakt som tilkallingsvikar og er nok inne på vaktlistene alt fyrste veka i mars.



### **Ivar Folkedal**

hadde ekstern praksis i [www.nrknyheter.no](http://www.nrknyheter.no) og vart altså hyra som tilkallingsvikar lenge før han var ferdig med praksistida.

- Tida har gått utruleg fort. Samtidig er det uforståeleg at det er mogleg å presse inn så mykje nytt og spanande på berre seks månader. Det er unikt at ein kan stille heilt utan journalistisk erfaring, for så å ha foten godt planta innanfor NRK etter eit halvt år. Eg er overlykkeleg over at eg sende ein søknad til Førde, og utruleg takknemleg for sjansen eg har fått. Nynorsk mediesenter, NRK Sogn og Fjordane, og ikkje minst folka på Marienlyst, har lagt løpet til rette på best mogleg måte. Eg er tilsett som tilkallingsvikar i NRK Nyheter, og det kjem ikkje til å bli mangel på arbeid.

### **Eva Marie Felde**

Fekk ekstern praksis i NRK Dagsnytt og held fram som tilkallingsvikar der og i Alltid Nyheter :

- Som ferdig utlært nynorskpraktikant, føler eg meg også som ein godt skikka journalist som kan takle mange ulike utfordringar. Læretida i Førde trur eg er betre enn dei fleste skular. Vi får prøve oss som journalistar frå dag ein, noko som gjer at vi får meir sjølvtilitt, lærer ved å feile, og det får oss til å sjå at målet om å bli ein "ekte" journalist er oppnåeleg. Og ute i redaksjonane veit dei at vi får grundig og god opplæring, noko som gjer at vi raskt blir sett på som gode ressursar som er verdt å ta vare på. Sjølv kjem eg aldri til å angre på at eg har vore nynorskpraktikant!

### **Håvard Tvedte**

Er utdanna bibliotekar før han byrja ved Nynorsk mediesenter, og vart difor raskt tilbydd eit vikariat som researcher, for ulike redaksjonar, ved NRK Biblioteket då han kom til Marienlyst. Han hadde praksis i NRK Dagsnytt og skal framleis ha vakter der.

- Seks månader som praktikant ved Nynorsk mediesenter har gjort at eg kunne stilla på jobb i NRK første dagen etter at praktikanttida var slutt. Å velja å tilbringa ein haust i Førde, for å læra journalistiske verktoy, var rett og slett eit sjakktrekk. Sjølv om eg no går inn i ei research-rolle i NRK Biblioteket, så er det godt at eg framleis kan ta vakter i Dagsnytt. For å halda vedlike utviklinga av radiostemma mi, og all den andre kunnskapen eg har opparbeidd meg som nynorskpraktikant i NRK.

### **Ingunn Viken**

hadde den eksterne praksisen ved NRK Møre og Romsdal, og held fram som tilkallingsvikar og sommarvikar der :

- Via Nynorsk mediesenter har eg fått ein fot innanfor NRK, og innanfor eit yrke som ein kan bli rett berusa av fordi ein får vere med på så mange rare ting. Og som eg har grått av fordi det er så krevande, og frustrerande når ein vil fortelje ei historie som ein ikkje får til. Eg er forundra over at tida har gått så fort. Eg merkar kvar dag nytten av det me terpa på dei aller første vekene, som fokus, kjære fokus. Alt blir lettare med eit tydeleg fokus.



## Eline Buvarp Aardal

er tilsett som vikar i NRK Sogn og Fjordane. Ho fekk tilbod om det før ho var ferdig med praksistida på to månader i Her&Nå.

*- Eg har vore veldig heldig som har fått høve til å kome inn i journalistyrket gjennom Nynorsk mediesenter. Det å vere trønder og nynorskbrukar er ikkje berre enkelt. Eg har allereie måtte forsvare valet eg har tatt. Eg bruker å svare at bokmål hadde vore vel så unaturleg for meg som det nokon tydeligvis meiner nynorsk er, seier Eline Buvarp Aardal.*



## Meir nynorsk på Internett

Framveksten av Internett har auka bokmålsdominansen i media, og til liks med i mange aviser er det opplese og vedteke at det skal vere bokmål på nettet. NRK har krav om minst 25 % nynorsk også på nettsida, og det er langt fram for å nå det målet. NRK.Nyheter.no vil gjerne ha fleire nynorskbrukarar, og per i dag arbeider tre tidlegare nynorskpraktikantar for dei og Dagsnytt. Det er Eli Bjelland, Ragnhild Bjørge og Ivar Folkedal.

På nettsida til NRK P3 har det og kome nynorsk etter at Maria Rivedal byrja arbeide med å bygge opp tv- og nettilbodet i P3. I Underholdningsavdelinga har Birte Njåsen Horne alt lenge nytta nynorsk på nettsida : - *Då eg jobba med Melodi Grand Prix fekk eg mange tilbakemelding frå folk om at det var flott å sjå nynorsk på så "kommersielle" sider som Melodi Grand Prix [www.nrk.no/mgp](http://www.nrk.no/mgp). Det var litt skepsis i starten då eg skreiv om "Kjempesjansen" på nynorsk, men no tenkjer verken eg eller andre så mykje på det, seier Horne, som for tida er mest reporter i Nitimen og Frukost-TV.*



Nettsida til Haugesunds Avis er førebels berre på bokmål. Men 1. juni byrjar Ingrid Hognaland (bilete) i eit årsvikariat der, og ho forsikra seg at ho fekk bruke nynorsk, før ho tok mot jobben.

*- Draumen vår er at vi skal sende frå oss nynorskpraktikantar som er dyktige og sterke nok til å kunne stille krav om å få bruke nynorsk. Det er diverre ikkje sjølv sagt i norske media, sjølv i 2008. Vi tykkjer det er kjekt at Nynorsk mediesenter kan medverke til at det går litt framover med nynorsken på Internett, seier Magni Øvrebotten.*

## Byte av namn?

Frå nyttår av fekk Nynorsk mediesenter ein tvilling i NRK FleRe som skal lære opp ti fleirkulturelle personar til journalistar, for å gjere media mindre "Blenda-kvitt". Opplæringa av dei er etter mønster av Nynorsk mediesenter, og det fyrste kullet i NRK FleRe er parallelt med det åttande kullet med nynorskpraktikantar.

Det at vi vart fleire i NRK-familien, med litt same oppgåva, aktualiserte spørsmålet om Nynorsk mediesenter og skulle ha NRK i namnet, og kalle oss t.d. NRK Nynorsk. Grunnen til at det ikkje vart gjort frå starten av var at det då var meininga at vi skulle bli ei stifting, eigd av fleire medieverksemdar. Men det har NRK skrinlagt og driv senteret sjølv.



Fem nynorskpraktikantar og fem fleirkulturelle stipendiatar samla utanfor NRK Østlandssendinga, der NRK FleRe held til. Nynorsk mediesenter var på besøk i februar.

NRK FleRe er førebels eit prøveprosjekt, som skal ha tre kull gjennom opplæringa, før det vert vurdert. Vi har bestemt oss for å vente med eit eventuelt namnebyte til det er avgjort om NRK FleRe vert ei fast ordning, noko vi både håpar og trur dei blir. Det er alt oppretta nær kontakt mellom dei to tiltaka, mellom anna at kvart kull med nynorskpraktikantar og fleirkulturelle stipendiatar møtest. Vi prøver og å få til eit sams opplegg for korleis NRK kan kunngjere betre at allmennkringkastaren driv desse to tiltaka for meir mangfald i media.

## KURSVERKSEMDA

I 2008 har vi hatt fem kurs på tre månader; to beredskapsøvingar og tre kurs i medietrening. Vi leigde inn ein ekstra kurshaldar til beredskapsøvingane, elles er det dei tre tilsette i Nynorsk mediesenter som har hatt kursa.

Det er framleis kursa i medietrening som er mest etterspurde, men i løpet av året er det og tinga fleire kurs i skriving for Internett og kriseøvingar. I april skal vi til Bergen og ha medietrening med tilsette i Fiskeridirektoratet og i mai til Norddal kommune på Sunnmøre for kurs i skriving for Internett.

Her er litt av tilbakemeldingane på dei tre kursa i medietrening vi har hatt etter nyttår :



### **Forståing og gjensidig respekt**

*- Innleiinga på kurset gav oss litt betre innblikk i journalisten sine arbeidsvilkår. Dette gjer noko med forståing og gjensidig respekt. Kurset hadde stort innslag av trening/øving. Dette er eit svært godt grunnlag for læring og refleksjon, både om vi gjorde det bra eller mindre bra. Å vere i situasjonen tek vekk spenning og nervøsitete som ofte er den verste bøygen. Intervjusituasjonane vart opplevd som realistiske.*

*Det var lagt opp til aktuelle lokale tema og kurshaldarane hadde sett seg godt inn i sakene. Passe nivå på intervju i høve til å føle meistring og bli bygd opp. Kurshaldarane vart opplevd som fagleg solide, og det vart skapt ei trygg ramme kring kurset, skriv plansjef og ass.rådmann i Balestrand kommune, Arne **Abrahamsen**.*

### **- Ei god investering**

*- Toppleiargruppa i NAV Sogn og Fjordane takkar for ein krevjande og lærerik dag i eit autentisk miljø ved senteret. Vi fekk realistisk trening i studio med profesjonelle opptak som vart evaluert fortløpande. Svært nyttig både for nybyrjarar og dei meir røynde av oss! Kurset er i tillegg eit godt bidrag for å utvikle og tryggje ei leiargruppe gjennom individuelle prestasjonar med tilbakemeldingar frå gruppa. Samla sett ei god investering! Dette skriv direktør Tore **Thorsnes** i NAV Sogn og Fjordane etter kurset.*

### Tilrår kurset til andre

- Måten intervjuet vart gjennomført på vart ei positiv oppleving med ei uhøgtidleg ramme, der vi fekk høve til å kommentere kvarandre sine prestasjonar, og ikkje minst få kurshaldarane sine merknader og tips. Vi opplevde kurset som nyttig og kan anbefale det til andre, skriv rådmann Helge **Følid** i Gaular kommune, på vegne av ordførarar og rådmenn i fem kommunar i Sunnfjord, som var på kurs i lag.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av? 88,5 % er journalistar

Vi legg vekt på å rekruttere folk som er sterke i trua både i høve til nynorsken og viljen til å bli journalistar. Det trengst for å lukkast i denne svært tett pakka opplæringa, og for å halde ut livet som vikar/tilkallingsvikar, ofte i årevis etterpå.

Per 28.02.2008 er 35 nynorskpraktikantar lærde opp sidan starten hausten 2004, 88,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid som journalistar. Tyngda er i NRK. Fem av dei studerer i tillegg til arbeidet. Tre tidlegare nynorskpraktikantar har så langt fått fast arbeid i NRK, seks har det utanfor NRK.

Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK.Nyheter.no, i Nitimen, Barnetimen, NRK P3, Kulturnytt i P2 og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland og Troms og Finnmark.

Her kjem ei oppdatering av kvar det har vorte av nynorskpraktikantane frå dei sju fyrste kulla:

### Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og Alltid Nyheter, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Håvard **Tvedte** (1981) er researcher i NRK biblioteket/tilkallingsvikar i Dagsnytt, **Ingunn Viken** (1980) er tilkallingsvikar/sommarvikar i NRK Møre og Romsdal og Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK.Nyheter.no,

### Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007.



**Gunhild Sølvberg** (1978) er studiekonsulent i Gateway College, som tilbyr norsk høgskuleutdanning i utlandet. **Yngvill Kolset Haga** (1980) arbeider for Paradox produksjonsselskap. **Mona Vetrhus** (1975) arbeider i barne- og ungdomsavdelinga i NRK, med Barnetimen og NRK Super. **Ragnhild Bjørge** (1977) er vikar i NRK Dagsnytt, NRK.no og Sporten. **Inger Synnøve Tveito** (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

### Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007.



**Bjarte Vik** (1986) studerer til allmennlærer ved Høgskulen i Bergen. **Marianne Feste** (1981) har arbeid i NRK Hordaland sidan ho var der i praksis. **Gøril Furu** (1984) er tilkallingsvikar i P3nyhenda og studerer medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. **Ingrid Hognaland** (1986) er journalist i Tysvær Bygdeblad, og skal frå 1. juni bli nettjournalist i Haugesunds Avis. **Vidar Eidhammer** (1984) studerer mediefag ved Universitet i Stavanger og er tilkallingsvikar i NRK Rogaland.

### Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



**Asgeir Reksnes** (1979) arbeider i NRK Sogn og Fjordane. **Bergit Sønstebø Svendseid** (1984) er nettkonsulent i Kirkens Nødhjelp. **Erlend Blaalid Oldeide** (1984) er fast tilsett som journalist i NRK Sogn og Fjordane. **Ingrid Aanestad** (1983) er tilkallingsvikar i NRK P2 og student ved det nordiske forfatterstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg. **Øystein Windstad** (1983) er journalist i Trønderbladet.



### Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



**Håvard Hamnaberg** (1978) arbeider i Point Carbon, der han er redaktør for eit tidsskrift om den europeiske marknaden for handel med Co2-kvotar. **Karoline Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitektthøgskulen i Bergen. **Gisle Forland** (1981) arbeider i NRK Nordland, **Marita Haugo** (1982) er multimedial medarbeidar i Drammens Tidende. **Sølve Rydland** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

### Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



**Solveig Hareide** (1983) er programleiar for "Påskemorgon" i Barne-TV og frå hausten av vert ho programleiar for programmet Newton i NRK1. **Eli Vaage** (1984) er vikar i NRK Hordaland. **Ingebjørg Bø** (1977) er fast tilsett som journalist i Telemarksavisa. **Birte Njøsén Horne** (1984) er nettansvarleg og reporter i Nitimen og **Janne-Marit Myklebust** (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

### Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



**Eli Bjelland** (1981) arbeider i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og Tekst-TV. **Knut Åge Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og i GAN forlag. **Svein Ove Hansli** (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen. **Maria Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3. **Inger Johanne Sæterbakk**, (1981) er kulturjournalist i Kulturnytt i NRK P2 i Tromsø. Ho arbeider også for NRK Troms og Finnmark.

# Visjon og verdjar

## ”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreieing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

## ”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.



## Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskkrøsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under ”Statusrapportar”.

### POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter  
Postboks 100  
6801 Førde

### BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter  
NRK Sogn og Fjordane  
Prestebøen 2  
6800 Førde

### TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30  
Faglærarar : 57 72 42 74  
Sentralbord: 57 72 42 42  
Telefaks: 57 72 42 75

### E-POST:

[nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

### NETT:

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)

